

## ÅRSMELDING FIN 2022

---

### Årsmøte 15.6.2022

Årsmøtet i Flora Industri- og Næringsforening vart halde på Victoria Hotell 15. juni 2022. 34 personar møtte fram, og representerte medlemsbedriftene i FIN.

#### På årsmøtet vart følgjande styre valt:

Leiar	Bjørn Hollevik (attval) vald for 2 år
Nestleiar	Kristin Bergstøl Hansen (ikkje på val)
Styremedlem	Ole Schanke Eikum (ikkje på val)
Styremedlem	Svein Nødseth (ny) vald for 2 år
Styremedlem	Linn Theres Nekkøy (ny) vald for 2 år
Varamedlem	Anders Lien (attval) vald for 1 år
Varamedlem	Tor Førde (ny) vald for 1 år

Som valnemnd vart Gustav Johan Nydal (attval), Ingrid Kassen (attval) og Jo Dale Pedersen (attval) valde for 1 år. Valkomiteén konstituerer seg sjølv.

---

Årsmøtet la vekt på at FIN må fortsette å samarbeide med andre institusjonar og næringslivsorganisasjonar. Dette gjeld spesielt skuleverket der ein må jobbe med rekruttering til yrkesfag og den vidaregåande skulen i Florø. Samtidig blei det vektlagt samarbeid med Måløy Vekst og Førde Industri og Næringsssamskipnad. Årsmøtet la vidare vekt på næringsareal og rekkefølgekrav – og ikkje minst energikapasitet og grøn energi til Florø. Eit anna viktig punkt som FIN må jobbe med er å flytte transport frå land til sjø.

Styret i FIN og enkeltmedlemmar har sidan sist årsmøte vore delaktig i møter med eksterne aktørar, som til dømes møter om DAT-rutene, Energisenteret Florø og planprosessar i Kinn kommune. Det er generelt stor aktivitet i det lokale næringslivet og medlemsbedriftene, og fokus på det grønne skiftet er stort. Styret i FIN har gitt økonomisk støtte til rekrutteringsprosjektet «Sommartreffet 2022», «Energisenteret Florø» og «Ungt Entreprenørskap». Å rekruttere nye medlemmer til FIN har hatt stort fokus i styret dette året, og vi har 6 nye medlemmer.

### **Oppfølging av årsplan**

Årsmøtet gav tilbakemelding til styret om å fortsette arbeidet med nyrekruttering til FIN, for å få meir tyngde overfor dei ein vil påverke. Dette har styret jobba godt med, og det må framleis vere eit satsingsområde. Styret har hatt møte med nettdirektøren i Linja, der ny kraftlinje og tilgang på grøn energi var tema. Rekruttering til VGS har vore eit gjennomgåande tema, og det har vore møter med skuleleiinga på både ungdomsskulen og vidaregåande skule. FIN har invitert til to opne medlemsmøte siste året. Det første var med Erna Solberg i samarbeid med Hub For Ocean. Her var tema innspel og kommentarar til næringspolitisk satsing. I november arrangerte vi Næringslivssamling i Måløy i samarbeid med Måløy Vekst, med presentasjonar, diskusjonar, sosialt samvær og samarbeid på agendaen. Begge arrangementa var godt besøkte av medlemmane våre. Næringsareal, flyruter og trafikkutfordringar i sentrum er saker FIN heile tida er aktive på, og som vi har fått ein del merksemd på i media.

### **Nettleige og energikapasitet**

FIN har vore aktivt med i prosjektet «Energisenter Florø» (EF) der ein kartlegg kraftsituasjonen i dag og framtidige behov. Energisenteret Florø er eit samarbeid mellom Fjord Base, FIN, Linja og Westcon i lag med Kinn kommune – for å komme fram til ei plan for utvikling, produksjon og bruk av fornybar energi. EF har og ein breiare tematikk der ein skal hjelpe eksisterande næringsliv til å lukkast med «grøne initiativ» og trekke til seg nyetableringar. Tilgang på kraft, areal, reguleringar, tilgang på kompetanse og finansiering er avgjerande moment.

Ein ser eit tydeleg behov for auka energi til Florø, som krev kopleing frå Guleslettene over fjorden og utbygging frå Grov og vestover. For å realisere dette er vi avhengig av eit godt samarbeid mellom Linja og næringslivet. Skal ein realisere det grønne skiftet i Florø, må ein fleirdoble kapasiteten av grøn energi til Florø. Vi er i eit overskotsområde, men treng utbygging av tilførselslinja.

### **Næringsareal**

Den utløysande faktoren for å realisere nytt/utvida næringsareal i Gunhildvågen og på Botnaneset er tilgang på steinmassar. No har Kystverket signalisert at dei vil setje utvidinga ved Mortingsbåane høgt opp på lista. Utvidinga inn forbi Florevika til Westcon er sett på vent. FIN vil engasjere seg sterkt i lag med Kinn kommune, for at heile utdjujinga blir realisert. Dette er viktig både for å få tak i steinmassane og for arbeidet på Westcon. FIN ser det som kritisk for framtidig arbeid på verftet at utdjujinga er sett på vent, og vil ta initiativ til lobbyverksemd overfor Kystverket.

### **Samarbeid med andre næringsorganisasjonar**

FIN har samarbeidd med Aksello, Hub for Ocean og Måløy Vekst siste året. Vi har gjennomført to opne møter, der medlemmane i FIN har vore aktive aktørar. Møtet med Erna Solberg var ein god sjanse for næringslivet til å presentere sine utfordringar, og mange av medlemmane våre slapp til og hadde innlegg og deltok i debatten. På møtet i Måløy var FIN i fleirtal med rundt 20 deltakarar. Vi har og hatt tett dialog med Førde Industri og Næringsssamskipnad, og satsar på eit felles treff med dei igjen hausten 2023. At Aksello er kvalifisert for næringshageprogrammet ser FIN på som svært positivt for framtidig næringsarbeid og samarbeid.

### **Rekruttering, utdanning og kompetanseheving**

Rekruttering til bedriftene våre er eit av dei viktigaste oppgåvene, i lag med samferdsle og næringsareal. FIN styret har hatt dette oppe som tema, og hatt møte med skuleleiinga både på VGS og ungdomsskulen. Vi opplever at skulane har ulik tilnærming til tema. Der VGS ønskjer elevane ut i bedriftene ønskjer ungdomsskulen at bedriftene skal besøke skulen. For FIN er det viktig å satse på fagutdanning, og vi ønskjer at næringslivet tek ansvar ved å ta inn praksiselevar og lærlingar. Etter møte med rektor på Flora VGS, der vi vart orienterte om status ved skulen og utviklingstrekk har vi fått forståing for at ein også må legge vekt på at elevar som vel studiespesialisering treng meir kontakt med næringslivet. Dette må det jobbast med parallelt med satsing på yrkesfag. Styret i FIN ser det som viktig å rekruttere til yrkesfagutdanning og rekruttere ungdommane til bedriftene lokalt. Dette temaet må heile tida vere på dagsorden.

### **FOT- / flyruter**

FIN har vore i tett dialog med DAT om rutetilbodet, og hadde med seg ønskjer frå medlemmane til oppfølgingsmøte. I samband med ruteendringar våren 2023 har vi sendt uttale til DAT, der vi la vekt på flyfrekvens og rutetider.

### **Kommunedelplanen – arealdel / samfunnsdel**

FIN legg vekt på at kommunen må framstå som næringsvennleg, slik at eksisterande og nye verksemdar utviklar og etablerer seg i Florø. I samband med rullering av kommunedelplanen vil FIN etablere arbeidsgrupper for å påverke dette arbeidet. FIN ønskjer og å utfordre toppkandidatane før valet til hausten – der vi tar opp aktuelle tema for medlemmane i FIN.

### **Styrearbeid 2022**

Sidan årsmøtet 15.6.2022 har styret i FIN hatt 6 styremøte, arrangert 2 opne medlemsmøte og delteke på fleire møte med eksterne aktørar (Kinn kommune/DAT/politikarar/skular) der enkeltrepresentantar frå styret har møtt. Styreleiar har i tillegg vore aktivt ute i media vedrørande saker FIN er engasjerte i.

### Dei viktigaste sakene i FIN styret:

- Utarbeiding arbeidsprogram
- Rekruttering av nye medlemmer i FIN
- Grøn energi – ny kraftlinje. Møte med nettdirektøren i Linja
- Rekruttering til yrkesfag, Florø VGS, lokale bedrifter og samarbeid skule - næringsliv
- DAT og flyruter
- Planlegging av opne møter

Dei fleste sakene blir lagt ut på nettsida [www.florain.no](http://www.florain.no)

### Samarbeid med Aksello

FIN ser på frukostmøta i regi av Aksello som eit viktig supplement til aktiviteten i FIN. Derfor har FIN dei siste åra støtta grunnfinansieringa i drifta til Aksello

### Organisering

Kinn Regnskap AS har også i 2022 vore forretningsfører for FIN. A til Å v/ Anita Øygard har vore engasjert for å utføre sekretærfunksjonen i FIN.

### Medlemsutvikling

FIN hadde 66 medlemsbedrifter pr. 1.5. 2022 – ein auke på 6 bedrifter sidan førre årsmøte.

Florø 23. mai 2023

Bjørn Hollevik  
Leiar FIN

Kristin Bergstøl Hansen  
Nestleiar FIN

Ole Schanke Eikum  
Styremedlem

Linn Theres Nekkøy  
Styremedlem

Svein Nødseth  
Styremedlem